



## Konferanse "Vestlandet - eit fleirkulturelt samfunn" - del 4

Vi innbyr til ny konferanse i Bergen den 12. og 13. april 2005.

Som offentlege instansar har vi eit stort ansvar for tilrettelegging og utforming av eit inkluderande og deltakande samfunn. Hordaland fylkeskommune har teke denne utfordringa og innbyr i samarbeid med Fylkesmannen, Bergen kommune, UDI Regionkontor Vest, Kommunenes Sentralforbund-Hordaland, Vox/KUP og representantar for innvandrorganisasjonane til ein ny konferanse med tema:

*Kompetanse som brubyggjar. Utveksling - utvikling.*

Å skapa eit godt og inkluderande samfunn for alle er i tråd med statlege, fylkeskommunale og kommunale retningslinjer. Dette set krav både til majoriteten og minoritetane. Det set krav til oss som menneske, og det set krav til samfunnet som system. Når ein skal utvikla eit samfunn, er kompetanse eit sentralt område. Utan ein politikk på kva samfunn ein vil utvikla, og satsing på kunnskap og kompetanseutvikling, vil ein ikkje nå måla.

Denne gongen spør vi:

*Kva kompetanse treng vi? Kven treng kompetanse? Kven skal tilføra kompetanse?  
Kven har ansvar for kva?*

Målgruppa for konferansen er politikarar, leiarar og tilsette i offentleg eller private verksemder i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.

*Vi bed om at vedlagte innbyding vert sendt vidare til alle aktuelle instansar og deltakarar.*

Så ønskjer vi vel møtt i Bergen!

  
Paul M. Nilsen